

Skoleåret 2016-2017

Rapport om klage på standpunktkarakter



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhald

Innleiing	3
Klageinstansen behandlar klage på	3
Regelverk	4
Om fastsetjing av standpunktkarakterar.....	5
Resultat av klagebehandlinga for skoleåret 2016-2017	6
Tal på klagesaker 2008–2017	7
Oversikt over klager per skole	8
Fag med fleire enn to klager.....	9
Fag med ein til to klager	9
Om klagebehandlinga.....	9
Dei vanlegaste årsakene til medhald	10
Oppsummering.....	10

Innleiing

Klage på standpunktkarakter er regulert i forskrift til opplæringslova kapittel 5 om klage på vurdering. Klageinstansen i vidaregåande opplæring er fylkestinget eller den fylkestinget gir mynde. I Møre og Romsdal er Fylkesutdanningssjefen gitt mynde til å behandle klager på standpunktkarakter. Fylkesutdanningssjefen er klageinstans for offentlege og private vidaregåande skolar i fylket. For skoleåret 2016-2017 var det seks rådgjevarar frå Utdanningsavdelinga og ein juridisk rådgjevar frå Juridisk seksjon i Møre og Romsdal fylkeskommune som behandla klagene.

Klageinstansen behandlar klage på

- Standpunktkarakter i fag
- Vedtak om ikkje å fastsetje standpunktkarakter i fag
- Standpunktkarakter i orden og i åtferd

Klage på standpunktkarakter i fag og vedtak om ikkje å fastsetje standpunktkarakter i fag er regulert i forskrift til opplæringsloven § 5-12. Ved klage på standpunktkarakter i fag eller vedtak om ikkje å fastsetje standpunktkarakter i fag kan klageinstansen berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetjing er følgde. Med klagen skal det følgje fråsegn frå faglæraren om korleis karakteren er fastsett, eller kvifor det ikkje er sett karakter, og fråsegn frå rektor om saksbehandlinga ved skolen. Klagaren skal få kopi av fråsegna.

Blir klagen funnen rettkomen, må klageinstansen presisere kva for reglar ein meiner er brotne eller det kan reisast tvil om er brotne, og sende saka tilbake til skolen. Klageinstansen skal informere klagaren om resultatet av klagebehandlinga. Rektor og faglæraren gjennomfører ny vurdering. Rektor set endeleg karakter. Den nye avgjerda kan det ikkje klagast på. Finn klageinstansen at klagaren ikkje kan få medhald, er avgjerda endeleg.

Klage på standpunktkarakter i orden og i åtferd er regulert i forskrift til opplæringslova § 5-13. Ved klage på standpunktkarakter i orden og i åtferd skal kontaktlæraren til eleven og rektor gi fråsegn som saman med klagen skal sendast til klageinstansen. Fråsegna skal gjere greie for kva for karakterar i orden og i åtferd som har vore gitt tidlegare, kva for tiltak skolen har sett i verk for å rette på forholda, og ei fyldig grunngeving for karakteren. Kopiar av ordensreglementet for skolen, utskrift av protokollen som viser korleis skolen har behandla saka m.m., skal leggjast ved fråsegna. Klagaren skal ha kopi av fråsegna. Klageinstansen avgjer om klagen skal føre til at karakteren blir endra til gunst eller ugunst for klagaren.

Regelverk

Sentrale paragrafar i forskrift til opplæringslova

Kapittel 3 Individuell vurdering i grunnskolen og i vidaregåande opplæring	Kapittel 5 Klage på vurdering
§ 3-1 Rett til vurdering	§ 5-1 Kva det kan klagast på
§ 3-2 Formålet med vurdering	§ 5-2 Kven som kan klage
§ 3-3 Grunnlaget for vurdering i fag	§ 5-3 Avgjerd i klagesaka
§ 3-4 Karakterar i fag m.v.	§ 5-4 Saksgangen ved klage
§ 3-5 Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd	§ 5-5 Klagefristar
§ 3-6 Karakterar i orden og i åtferd	§ 5-6 Formkrav
§ 3-7 Varsling	§ 5-7 Rett til grunngiving
§ 3-11 Undervegsvurdering	§ 5-12 Klage på standpunktkarakter.
§ 3-12 Eigenvurdering	Klageinstans og klagebehandling
§ 3-13 Halvårsvurdering i fag for elevar	§ 5-13 Klage på karakter i orden og i åtferd. Klageinstans og klagebehandling
§ 3-15 Halvårsvurdering i orden og i åtferd for elevar	
§ 3-16 Samanhengen mellom undervegsvurderinga og standpunktkarakteren i fag	
§ 3-17 Sluttvurdering i fag	
§ 3-18 Standpunktkarakterar i fag	
§ 3-19 Standpunktkarakterar i orden og i åtferd	
§ 3-39 Forsvarleg system for føring av karakterar og fråvær	

Om fastsetjing av standpunktkarakterar


I oversikta over regelverk er det vist til sentrale paragrafar i kapittel 3 og 5 i forskrift til opplæringslova for behandling av klage på standpunktkarakter. Kapittel 5 regulerer kva ein kan klage på, klagefristar og saksgangen ved klage. I kapittel 3 finn vi regelverket for fastsetjing av standpunktkarakterar.

Om ein summerer opp seier regelverket følgjande om fastsetjing av standpunktkarakterar:

- Standpunktkarakterar skal gi informasjon om kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa i fag, og skal førast på vitnemålet (§§ 3-17 og 3-18).
- Standpunktkarakteren må baserast på eit breitt vurderingsgrunnlag (§ 3-18).
- Eleven skal vere kjend med måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga og fastsetjing av standpunktkarakter i fag (§ 3-1 og 3-18).
- Eleven skal vere kjend med kva som er grunnlaget for vurdering og kva som blir vektlagt i vurdering i orden og i åtferd (§§ 3-1 og 3-19).
- I vurderinga i fag skal ikkje føresetnadane til den enkelte, fråvær, eller forhold knytt til orden og åtferd trekkjast inn. I faget kroppsøving skal innsatsen til eleven vere ein del av grunnlaget for vurdering (§ 3-3).
- Undervegsvurderinga i fag skal fremje læring og gi eleven høve til å forbetre kompetansen sin gjennom opplæringstida. Kompetansen eleven viser undervegs i opplæringa er ein del av grunnlaget for vurderinga når standpunktkarakteren skal fastsetjast (§ 3-16).
- Undervegsvurderinga i fag, i orden og i åtferd skal givast løpande og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg. Eleven har rett til ein samtale kvart halvår om utviklinga si i forhold til kompetansemåla i faga (§ 3-11). Det skal dokumenterast at undervegsvurdering er gitt i Skolearena.
- Eleven skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling (§ 3-12).
- Stort fråvær eller andre særlege grunnar kan føre til at læraren ikkje har tilstrekkeleg grunnlag for å gi standpunktkarakter (§ 3-3).
- Eleven skal ikkje få standpunktkarakter ved udokumentert fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Dersom årsaka til fråværet gjer det klart urimeleg at fråværgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert fråvær i eit fag få vurdering med karakter. Avgjerda ligg hos rektor. Læraren må i alle høve ha tilstrekkeleg grunnlag for å gi standpunktkarakter (§ 3-3).
- Eleven og føresette (for elevar under 18 år) skal varslast skriftleg dersom det er tvil om eleven kan få standpunktkarakter i eitt eller fleire fag. Det skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven kan få nedsett karakter i orden eller i åtferd (§ 3-7).
- I orden og i åtferd er fastsetjing av standpunktkarakter knytt til i kva grad eleven opptre i tråd med ordensreglementet til skolen. Standpunktkarakter i orden og i åtferd blir fastsett etter drøfting i møte der lærarane til eleven er til stades (§§ 3-5 og 3-19).
- Vurderinga av orden og åtferd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag. I vurderinga i orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Det skal ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov (§ 3-5).
- Fråvær kan føre til nedsett karakter i anten orden eller i åtferd (§ 3-5).

Resultat av klagebehandlninga for skoleåret 2016-2017


Tal på klager skoleåret 2016-2017	102
Tal på medhald 23 medhald endra karakter 36 medhald ikkje endra karakter	59
Tal på avslag	39
Tal på avvissingsvedtak	4



Totalt er 102 klagesaker behandla for skoleåret 2016-2017. Resultatet blei medhald i 59 av sakene og avslag i 39 av sakene. I tillegg er fire klager avvist, ikkje realitetsbehandla. Tre av avvissingsvedtaka gjaldt klage på halvårsvurdering, og blei avvist ettersom det ikkje er klagerett på halvårsvurdering. Ein klage gjaldt føringsfeil, her retta skolen sjølv karakteren, jf. § 3-39 i forskrift til opplæringslova.

Av dei 59 klagene som blei tatt til følgje fekk 23 endra karakter. Ein klage gjaldt orden. I denne saka endra klageinstansen karakteren til gunst for klagaren. 58 saker blei sendt tilbake til skolane for ny vurdering. Etter ny vurdering fekk 22 av 58 endra karakter. 14 fekk betre karakter og 8 fekk endra frå IV - ikkje vurdering i fag, til vurdering med karakter.

Tal på klagesaker 2008–2017



2008: 115 klagesaker

2009: 124 klagesaker

2010: 118 klagesaker

2011: 121 klagesaker

2012: 143 klagesaker

2013: 139 klagesaker

2014: 153 klagesaker

2015: 110 klagesaker

2016: 107 klagesaker

2017: 102 klagesaker

Oversikt over klager per skole

Skole	Tal på standpunkt-karakterar	Tal på klager	Medhald	Avslag	Avvisingsvedtak
Atlanten	3804	5	3	2	0
Borgund	5981	4	0	4	0
Fagerlia	6003	6	2	4	0
Fannefjord	232	0	0	0	0
Fræna	2703	0	0	0	0
Gjermundnes	871	1	1	0	0
Haram	2290	3	2	1	0
Herøy m/ Vanylven	2267	9	5	2	2
Kristiansund	6344	5	3	1	1
Molde	5387	13	6	7	0
Rauma	1145	2	1	1	0
Romsdal	5690	10	1	8	1
Spjelkavik	3201	5	5	0	0
Stranda	1329*	1	1	0	0
Sunndal	2138	2	2	0	0
Surnadal	2014	4	3	1	0
Sykkylven	2097	10	7	3	0
Tingvoll	794	1	1	0	0
Ulstein	3981	3	3	0	0
Volda	3851	3	2	1	0
Ørsta	2032	5	1	4	0
Ålesund	5826	8	8	0	0
Sum	68980	100	57	39	4

*inkl. Vestborg elever (9 fag med elever frå Vestborg)

Klager frå privatskolane i fylket:

Skole	Tal på standpunkt-karakterar	Tal på klager	Medhald	Avslag	Avvisingsvedtak
Akademiet Molde	-	0	0	0	0
Akademiet Ålesund	-	2	2	0	0
Vestborg	-	0	0	0	0
Sum	-	2	2	0	0

Fag med fleire enn to klager

Fag med fleire enn to klager er i hovudsak fellesfag i studieførebuande- og yrkesfagleg utdanningsprogram. Fellesfag i studieførebuande utdanningsprogram har flest klager. I tillegg har Yrkesfagleg fordjuping på yrkesfagleg utdanningsprogram fleire enn to klager.

Følgjande fag har fleire enn to klager:

Engelsk, Framandspråk, Kroppsøving, Matematikk, Naturfag, Norsk, Religion og etikk, Samfunnsfag og Yrkesfagleg fordjuping.

Fag med ein til to klager

Fag med ein til to klager er i hovudsak programfag i studieførebuande- og yrkesfagleg utdanningsprogram. I tillegg er det behandla ei klage i Orden.

Følgjande fag har ein til to klager:

Historie, Internasjonal engelsk, Treningsleiing, Rettslære, Aktiviteter med hest, Automatiseringssystem, Naturbasert produksjon, Naturbasert aktivitet, Psykologi 1, Geografi, Samfunnsfagleg engelsk, Instrument, kor, samspel 2, Mediedesign og medieuttrykk, Marknadsføring og leiing, Produksjon (TIP1001), Produksjon (PIN2001), Mediekommunikasjon, Drift og operasjon, Breiddeidrett 2, Kommunikasjon og samhandling, Helsefremjande arbeid, Yrkesutøving, Friluftsliv 2, Toppidrett 2 og Orden.

Om klagebehandlinga

Elevane si klage blir ofte grunnlagt med at dei ikkje er nøgde med karakteren dei har fått. Men vi ser også i år ei auke i tal på elevar som klagar på samanhengen mellom undervegsvurderinga og fastsetjing av standpunktkarakter. Regelverket for fastsetjing av standpunktkarakter er bygd opp på ein slik måte at om regelverket er følgt, vil elevane sjå samanhengen mellom undervegsvurderinga og standpunktkarakteren dei har fått.

Klageinstansen kan berre vurdere om gjeldande føresegner om karakterfastsetjing er følgde og har ikkje anledning til å overprøve det faglege skjønnet i fastsetjing av standpunktkarakter. Det er ikkje anledning til å klage på sjølve karakteren. Blir klage på standpunktkarakter i fag funnen rettkomen, presiserer klageinstansen kva for reglar ein meiner er brotne eller det kan reisast tvil om er brotne. Vedtaket om standpunktkarakter blir oppheva, og saka sendt tilbake til skolen. Rektor og faglæraren gjennomfører ny vurdering, og rektor set endeleg karakter. Når det gjeld klage i orden og i åtferd set klageinstansen endeleg karakter.

Perioden for klagebehandling er medio juni til medio juli. Klager frå elevar på Vg3 har prioritet, då resultatet av klagebehandlinga kan ha betydning for opptak til høgare utdanning. Det er viktig for elevane at skolane sender klagen fortløpande og at klagen blir raskt behandla i klageinstansen. Resultatet av klagebehandlinga kan og ha betydning for inntak til neste trinn i vidaregåande opplæring.

Dei vanlegaste årsakene til medhald

- Reglane for fastsetjing av standpunktkarakter er ikkje følgde, jf. § 3-18
- Standpunktkarakter er ikkje fastsett på eit breitt vurderingsgrunnlag, jf. §§ 3-3 og 3-18
- Manglande eller uklar samanheng mellom undervegsvurdering og standpunktkarakter, jf. § 3-16
- Ikkje gjennomført samtale med eleven om utvikling i fag, jf. § 3-11
- Eleven har ikkje fått tilgang til vurderingane. Dei er registrert i Skolearena, men ikkje publisert til eleven, jf. § 3-11
- Karakter er fastsett ut frå gjennomsnittsbetraktning, jf. §§ 3-2, 3-3, 3-16 og 3-18
- Manglande varsel på ikkje standpunktkarakter i fag, jf. § 3-7

Oppsummering

Talet på klager for skoleåret 2016-2017 er det lågaste sidan 2008. Frå 2014 til 2017 er talet redusert frå 153 til 102 klager.

Samtidig som det totale talet på klager er redusert, har vi fått ei auke i tal på klager frå elevar som ikkje har fått standpunktkarakter i fag. Dei fleste var klager frå elevar som ikkje fekk standpunktkarakter i fag grunna fråvær. Ved at fråværgrensa i vidaregåande opplæring vart innført frå skoleåret 2016-2017 må to vilkår vere oppfylt for å få standpunktkarakter i fag. I tillegg til at læraren må ha tilstrekkeleg grunnlag for å gi standpunktkarakter i faget, kan ikkje elevane ha over 10 prosent udokumentert fråvær. Formålet med fråværgrensa er at elevane skal møte fram og delta aktivt i opplæringa.

Ei forklaring til nedgangen i talet på klager kan vere fokuset på vurderingspraksis i Møre og Romsdal fylkeskommune. Vurdering er eit av satsingsområda til skolane, som mellom anna er tydeliggjort og forankra i kvalitetsplana, i oppdragsbreva til skolane og i mandatet til dei faglege nettverka. Nedgangen i talet på klagesaker tyder på at skolane arbeider godt med vurdering både på eigen skole og på tvers av skolane i fylket.

Som vist til i rapport om klage på standpunktkarakter frå 2016, publiserte Utdanningsdirektoratet i 2016 ein rapport om utviklinga i klager på standpunktkarakterar frå 2010 til 2015. Ein ser fortsatt at funna er dei same, om ein samanliknar resultatane frå klagebehandlinga i Møre og Romsdal fylkeskommune og rapporten frå Utdanningsdirektoratet. Hovudtrenden er at talet på klager går gradvis ned, samstundes med at det er fokus på vurdering både sentralt og lokalt.

Møre og Romsdal fylkeskommune vil fortsette å vidareutvikle arbeidet med vurderingspraksis på dei vidaregåande skolane i fylket i 2018. I 2017 har fylkeskommunen samarbeid med Utdanningsdirektoratet og Fylkesmannen om fagdagar om vurdering. Det blei arrangert ein fagdag i februar, den neste blir i november. Tema på fagdagane er samanhengen mellom undervegsvurdering og fastsetjing av standpunktkarakter.



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Fylkeshuset, 6404 Molde
Telefon 71 25 80 00
post@mrfylke.no
mrfylke.no